

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/16	Plan- og miljøutvalet	PS	16.03.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arnold Matre	14/1951

## Søknad om ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen.

### Vedlegg:

2.gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt  
Krav om gjenopptak av behandling av planforslaget Nilshøyen  
Vedlegg Forslag til reguleringsplan - Nilshøyen bustadfelt  
Erklæring vedk prosjekt Nilshøyen  
Klage - Reguleringsplan - Nilshøyen bustadfelt  
Vedtak i klagesak - reguleringsplan Nilshøyen bustadfelt  
Lindås - Gnr 172 bnr 10 og 66 - Nilshøyen bustadfelt - Reguleringsplan  
Søknad om makebytte/ grensejustering mellom gbnr 172/66 og 172/16 Hopland  
Situasjonsplan  
Gjenopptakelse prosjekt Nilshøyen, Seim

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen

.....

### Plan- og miljøutvalet - 038/16

#### PM - behandling:

#### Fellesframlegg ved S.Hauge-Ap:

Plan- og miljøutvalet ynskjer at saka skal takast opp til ny politisk handsaming med bakgrunn i nye opplysningar og søknad frå tiltakshavar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet ynskjer at saka skal takast opp til ny politisk handsaming med bakgrunn i nye opplysningar og søknad frå tiltakshavar.

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

### **Bakgrunn**

Plan- og miljøutvalet hadde 10.06.15 oppe til avgjerd om ein skulle opna for ny 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen. Dette vart avvist av utvalet. Saka vart fremja etter søknad frå planframstillarane på bakgrunn av det dei meinte var nye opplysningar i saka. Saka var opprinneleg handsama i Plan- og miljøutvalet 06.03.15. Utvalet krov då m.a endra vegtrase fram til tomtane 12, 13, 14 og 15. Saka vart sendt attende til utbyggjar. (jf vedlagt saksutgreiing 06.03.13)

Interessentane bak reguleringsplanen har tatt kontakt med politisk nivå for å initiere ei ny handsaming av reguleringsplanen. Dette er grunngjeve med ein avtale om makebytte som legg til rette for at eit garasjebygg langs tilkomstveg til tomtane 12 - 15 kan verta rive. Dette vil etter deira meining auka trafikktryggleiken på denne vegen. Administrasjonen er beden om å leggja søknaden frå Hjelmtveit fram for utvalet.

### **Vurdering**

Administrasjonen har ikkje gjort nokon realitetshandsaming av søknaden/kravet frå Hjelmtveit, i den forstand at me har utgreia kva følgjer det skildra makebytte kan ha å seia for trafikktryggleiken i området. Det er som i møte 10.06.15 opp til utvalet å avgjera i kva grad dei ser på dei nye opplysningane som relevante i høve deira vurderingar som låg til grunn for vedtaket 06.03.13 og 10.06.15.

Plan- og miljøutvalet må på bakgrunn av skriv frå Hjelmtveit vurdere om dei ønskjer å ta saka oppatt til ny vurdering. Dersom utvalet meiner dei nye opplysningane er av ein slik karakter at det er grunnlag for å gjera ei ny vurdering, kan dei be om å få saka opp til realitetshandsaming i eit seinare møte. Møteprotokoll frå møte i PMU 06.03.13, 10.06.15 og 23.09.15 er lagt ved.

Administrasjonen rådde til at planen kunne verta vedteken slik den låg føre til 2. gangs handsaming møte 06.03.16

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

